Tidsskriftet UTMARK

TIDSSSKRIFT FOR UTMARKSFORSKNING 2017 – 2
www.Utmark.org

Populærvitenskapelig/ Popular Science

Tryggare masseturisme til fjells

Eivind Brendehaug (ebr@vestforsk.no), Idun A. Husabø og Halvor Dannevig, Vestlandsforsking

Masseturisme til fjells er noko heilt nytt i Norge. Turmål som Trolltunga, Preikestolen og Besseggen lokkar mange tusen uerfarne turgåarar opp i høgfjellet, med eit høgt tal redningsaksjonar som konsekvens. Trenden talar for å ta i bruk heilt nye førebyggingstiltak på dei mest populære turmåla.

Masseturisme i fjellet

I 2016 besøkte om lag 70.000 turistar Trolltunga og 285.000 Preikestolen, mens dei lokale hjelpekorpsa rykte ut høvesvis 42 og 18 gonger for å hjelpe turistar til rette eller ta seg av skadde[1]. På Trolltunga var verken infrastruktur, redningstenesta eller informasjonsapparatet klar til å ta imot storinnrykket. Odda kommune opplevde at dei vart: «… pressa med ryggen mot veggen heile tida», slik kommunetilsett Rolf Bøen uttrykte det i 2017. Det lokale guideselskapet, Trolltunga Active, sa tydeleg ifrå: «Vi har eit berekraftproblem», pga. stor slitasje, forsøpling, ukontrollert telting og avføring langs stien. Preikestolen har vore meir førebudd fordi veksten i turismen har kome gradvis over mange år, og fordi eit utviklingsselskap, Stiftinga Preikestolen, har jobba med tilrettelegging sidan 1993. Sjølve turen er også mindre krevjande, men også der er det sett spørsmålsteikn til sentrale aktørar si marknadsføringa av fjelldestinasjonane overfor ikkje-skikka turistar. «Me får i fanget turistar som ikkje veit kva dei driv med», seier Audun Rake, dagleg leiar i stiftinga. Utviklingsaktørane set med andre ord spørsmålsteikn ved samanhengen mellom den breie, internasjonale marknadsføringa av fjelldestinasjonane og dei utfordringane turistane vil møte når dei gir seg i kast med den norske fjellheimen.

Forsking har vist at reisemålorganisasjonar har utfordringar med å identifisere kva målgruppe av vandrarar dei ønskjer å trekke til seg. Resultatet er at produkta i liten grad blir differensierte overfor ulike marknadssegment[2]. Fleire og fleire tek til orde for at turistnæringa har eit ansvar for tryggleiken når dei lokkar tusenvis at ukjende og uerfarne turistar inn i fjellheimen. Kritikken ser ut til å ha trengt igjennom. Sentrale aktørar som Visit Norway tonar ned si marknadsføring av desse fjelldestinasjonane, og Innovasjon Norge har i år lansert videoar på fleire språk for å informere turistane om kva som krevst i møte med den lite tilrettelagde norske fjellheimen. Det er ein god start. Ein betre samordning mellom informasjonen frå nasjonale, regionale og lokale destinasjonsselskap vart også etterlyst på Vestlandsforsking sin oppstartskonferanse for prosjektet, Den nye fjellturisten: strategiar og tiltak for sikre trygg åtferd, finansiert av Regionale Forskningsfond Vestlandet[3].

Mange av redningsaksjonane som vert sett i gang på dei populære fjelldestinasjonane i Norge, vert av redningsmannskapa oppfatta som unødvendige. Turistar legg i veg utan gode nok føresetnadar. Dei har ofte ueigna sko og klede, for lite mat og drikke, dei vert slitne og får vondt i knea eller vert usikre og redde når mørket fell på. I slike situasjonar ringer dei gjerne 113 og forventar å få hjelp, uansett tid på døgnet. Friviljug mannskap i dei lokale hjelpekorpsa rykkar ut, og er gjerne i aksjon til langt på natt, men skal tilbake til sitt vanlege arbeid få timar etterpå. Slik kan me ikkje ha det i lengda, seier representantar for lokale hjelpekorps. Redningsaksjonar av denne typen kunne ha vore unngått med enkle og rimelege førebyggande tiltak, meiner redningsmannskapa. Dessutan bind slike «unødvendige» redningsaksjonar opp ressursar som kunne ha vore nytta på meir presserande oppgåver i samfunnet.

[1] Røde Kors. (2017). *Et felles ansvar for å redde liv. Hendelsesrapport fra Røde Kors 2016*. Oslo.
[2] Nordbø, I., Engilbertsson, H.O.,, & Vale, L. S. R. (2014). Market Myopia in the Development of Hiking Destinations: The Case of Norwegian DMOs. *Journal of Hospitality Marketing & Management, 23:, 2014, 23*(4), 380–405.
[3] https://www.forskningsradet.no/servlet/web/prognett-vestlandet/Nyheter/Skal_forske_pa_tryggare_turisme_til_fjells/1254031433668/p1253953763281

Vestlandsforsking skal studere hjelpekorpsa sin opphavlege rolle opp mot dei oppgåvene dei no får med aukande turisme i fjellet. Styresmaktene har delt ut nokre millionar kroner til dei mest utsette fjelldestinasjonane for å bøte på den akutte situasjonen[4]. Det er behov for meir heilskaplege vurderingar av om dagens system for tilrettelegging og redning på dei mest populære fjelldestinasjonane er tilpassa morgondagens utfordringar med masseturisme til fjells.

Lokale aktørar utviklar tiltak

For å betre tryggleiken har fjelldestinasjonar i fleire år arbeidd med tilrettelegging i form av merking, utbetring av sti og betre informasjon. Auka tilrettelegging gjer også turane lettare tilgjengeleg, og kan dermed bidra til å auke trafikken. Men tiltak som betre merking og utbetring av stien har hatt effekt ved at stadig færre går seg bort. Tilrettelegginga gir også turistane ei betre oppleving ved å styrke deira eigne føresetnadar for å gjennomføre turen utan store problem. Likevel har fleire av fjelldestinasjonane, og særleg Trolltunga, opplevd ein auke i talet på redningsaksjonar dei siste åra, i takt med den store auken i talet på turistar. Ein av hjelpekorpsfolka på Vestlandsforsking sin oppstartskonferanse formulerte utfordringa: «Kva må til for å gi turistane ei trygg oppleving utan å gjere dei til dyktige fjellfolk?» Ut frå ein slik tankegang har lokale reiselivsbedrifter, guideselskap og lokale hjelpekorps på m.a. Trolltunga, Besseggen og Preikestolen gått saman om nye tiltak som kan betre tryggleiken. Felles for tiltaka er individuelt tilpassa informasjon og råd til turistane anten før start eller undervegs. Slike tiltak er dyre og arbeidskrevjande. Denne artikkelen handlar om dette nyskapande lokale arbeidet som no er i gang på dei fem mest besøkte fjelldestinasjonane i Sør-Norge – Preikestolen, Trolltunga, Kjerag, Besseggen og Gaustatoppen (sjå figur 1) – for å styrke tryggleiken og gi turistane ei god oppleving.

Vi har intervjua utviklingsaktørar ved dei enkelte destinasjonane og medlemmer i lokale hjelpekorps og redningsgrupper. I tillegg har vi henta inn statistikk over redningsaksjonar, og vi er i gang med å samle inn statistikk frå dei aktuelle akuttmedisinske kommunikasjonssentralane (AMK) og Hovedredningssentralen for Sør-Norge (HRS S-N). Til saman gir desse data ei viss oversikt over redningsaksjonane, men vi skal utvikle det samla biletet vidare i det nystarta forskingsprosjektet med finansiering frå Regionalt forskingsfond Vestlandet. I denne artikkelen avgrensar vi oss difor til å presentere tala frå dei lokale redningskorpsa og estimat for besøkstal frå destinasjons-organisasjonane.

Figur 1 Dei fem mest besøkte fjelldestinasjonane i Sør-Norge.

Trolltunga

[4] https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/nasjonale-turstier/id2548672/

Trolltunga (1100 moh.) som turistmål er skapt dei siste fem åra, ikkje minst ved hyppig promotering i sosiale medium. Nettstaden ut.no omtalar turmålet slik: «Trolltunga er et bergutspring som «henger» ca. 700 meter over Ringedalsvatnet i Skjeggedal. Utsikten fra Trolltunga er spektakulær, og følelsen når du går ut på Tunga er en fjellopplevelse du vil huske i lang tid». Ein stor del av turistane som strøymer til området for å sikre seg denne opplevinga kjem frå utlandet, og mange av dei har ikkje gått i ulendt høgfjellsterreng med lite tilrettelegging. Frå Skjeggedal (400 moh.) i Odda kommune er det 11-13 km fram til Trolltunga, avhengig av kva rute du vel i starten. Det første stykket kan du – i staden for den opphavlege, bratte stien gjennom Brakufsa – velje den nye bilvegen til Mågelitopp, der dei to rutene møtest. Derifrå flatar terrenget ut, før neste stigning opp til Gryteskar, der terrenget vidare er småkupert høgfjell inn til den karakteristiske fjellformasjonen. Turen tek 4-6 timar ein veg avhengig av vêr, føre og individuell kapasitet.

I 2010 fanst det knapt nokon turisttrafikk til Trolltunga. Etter 2013 har ferdsla auka jamt og trutt. I 2016 gjekk 70.000 menneske turen, og i 2017 heile 85.000[5]. I 2016 nådde dei to lokale Røde Kors-gruppene, Odda og Tyssedal Røde Kors Hjelpekorps, ein førebels rekord i talet på oppdrag, med rundt 42 redningsaksjonar. Fleirtalet av desse aksjonane skuldast at turistar hadde lagt ut på tur utan gode nok føresetnadar, eller at dei gjorde tok dårlege avgjerder undervegs. Eit mindretal av aksjonar dreidde seg om fallulykker og brotskadar eller var reine leiteaksjonar etter sakna personar. Resultatet var, som NRK Brennpunkt sin dokumentar «Alarm Trolltunga» viser, stor slitasje på dei frivillige mannskapane.

For å få ned talet på unødvendige redningsaksjonar og sikre at Trolltunga-turistane får ei god oppleving, har Odda kommune dei siste åra sett i verk ei rekkje tiltak. Dei har utbetra og merka stien, bygd fleire nye bruer og utvikla opplysande informasjonsskilt som står både ved startpunktet for turen og undervegs på ruta. I 2016 etablerte kommunen tre små naudbuer (9-10 m^2) undervegs på stien med enkle briskar og naudutstyr. Føremålet med naudbuene har vore å gi ly for turistar som kjem ut for dårleg vêr, skadde personar som må vente på redningsfolk eller andre som har kome ut for alvorlege problem. Kommunen si erfaring er at buene har fungert slik dei var meint å gjere, men at dei også har vorte misbrukte til ordinær overnatting, til dømes av uerfarne turgåarar som la i veg seint på dag utan overnattingsutstyr og varme klede. Guidane til Trolltunga Active, det lokale guideselskapet, som dagleg går turen, har rapportert om slik bruk.

Etter dei mange redningsaksjonane i 2016, valde Odda kommune å etablere ei ordning med fjellvakter finansiert med midlar frå Nasjonale turstier. Vaktene var på plass 7. juli 2017. Guideselskapet Trolltunga Active fekk i oppdrag å bemanne den døgnkontinuerlege tenesta, som vart stasjonert halvveges til Trolltunga. Den viktigaste oppgåva for fjellvaktene har vore å gi turistane informasjon og råd, både om turen og vêr- og føreforhold. Enkelte har fått råd om å snu fordi dei har starta for seint, har vore dårleg utrusta eller på andre måtar har hatt svake føresetnadar for å gjennomføre turen. Korleis ein møter turistane, har mykje å seie for kva fjellvakta kan oppnå, fortel ein av guidane som deltok i ordninga: «Det hjelper å ha ei spørjande haldning og fortelje om eiga erfaring; eg estimerer kor lang tid dei treng før dei er tilbake». Det er krevjande for vaktene å få turistane til å forstå at turen tek så lang tid, men: «Når dei høyrer at dei treng 6-8 timar meir, og dei er slitne og våte, fungerer det bra», seier informanten. Langt frå alle følgjer slike råd. Ei anna fjellvakt ordlegg seg slik: «Det er veldig vanskeleg å få folk til å snu fordi dei *skal* klare det – dei tenkjer ikkje på konsekvensane».

Når turistar har fått problem på tilbaketuren, har fjellvaktene ytt hjelp og støtte ved å ta folk inn i vaktbua, tilby varm drikke og ein matbit, prate med dei og oppmuntre dei til å fullføre turen. Ved fleire høve har vaktene lukkast med å få turistane til å gjennomføre på eige hand. På dette viset har fjellvaktene gjort turistane trygge og bidrege til å redusere talet på redningsaksjonar.

I tillegg har fjellvakta på Trolltunga vore ein form for «first responder» for politiet når turistar har ringt nødtelefonen. Politiet har med andre ord hatt ein kontaktperson i fjellet som kan vere med på å vurdere kor vidt ein redningsaksjon er nødvendig. Fjellvaktene har også hatt ansvar for merking og skilting av stien. Ei generell

[5] Tala er basert på registreringar gjort av Statens Naturoppsyn (passering av teljarar i terrenget) og Trolltunga Active (bruk av parkeringsplassen i Skjeggedal).

tilbakemelding frå fjellvaktene er at turistane er minst budde på kor lang turen er og på dei skiftande vêr- og føreforholda. Til dømes stussar mange over at lange strekningar av stien er dekte av snø fram til juli månad.

Talet på redningsaksjonar har gått markert ned etter at fjellvaktordninga vart oppretta. I andre halvår i 2016 var dei lokale hjelpekorpsa med på 36 aksjonar, medan dei i andre halvår av 2017, etter at fjellvaktordninga vart etablert, berre var ute 15 gonger. Dette skuldast nok meir enn fjellvaktordninga. Til dømes spelar det inn at folk kan gå eller køyre frå Skjeggedal til Mågelitopp, slik at dei unngår den bratte og ulendte stien gjennom Brakufsa.

Preikestolen

Fjellplatået Preikestolen, med spektakulær utsikt over Lysefjorden, har gjennom fleire tiår trekt til seg fleire titals tusen turistar frå inn- og utland. Den 4 km lange turen går frå Preikestolhytta i Strand kommune på godt tilrettelagt turveg, for det meste under skoggrensa, fram til platået på 604 meters høgd over Lysefjorden. Dette er den kortaste og enklaste turen av dei fem turmåla som er omtalt i denne artikkelen og samstundes den best tilrettelagte.

Eit forutsjåande fylkesting i Rogaland utforma ein eigen fylkesdelplan for Preikestolen i 1992, og året etter vart ei eiga stifting oppretta for å utvikle turmålet vidare. Sidan den gong har attraksjonen stegvis vorte utvikla og tilrettelagt med steinsetting av stien, bygging av klopper, merking, to parkeringsplassar og eit serviceanlegg. Parkeringsavgifta finansierer heile drifta og halve investeringsbudsjettet, til saman 10 millionar kroner per år. Besøkstalet har dei ti siste åra auka jamt og trutt. Dei siste to åra (2016-2017) har 285.000 turistar besøkt Preikestolen kvart år. Det gjer Preikestolen til den mest populære fjellturen i Norge.

I 2016 hadde Norsk Folkehjelp Strand og Forsand, som er det lokale hjelpekorpset, om lag 20 redningsaksjonar på stien til/frå Preikestolen. Den lokale representanten for Norsk Folkehjelp Strand og Forsand vurderer dette talet som «akseptabelt» ut frå talet turistar som går turen: «Det vil alltid vere nokon som snublar eller trakkar feil. Dei 20 aksjonane vi har hatt er reelle skadar». Det lokale redningskorpset har berre 1-2 leiteaksjonar i året fordi folk har gått seg vill ved Preikestolen. Det viser at tiltaka som er gjort, t.d. merking langs stien, har hatt effekt.

8. august 2016 fekk Stiftinga Preikestolen ein vekkar om kva for vêrforhold vi kan vente oss meir av i åra framover. Dagen baud på kraftig haustvêr med piskande regn, låg temperatur og kraftig vind. Turistane var lite budde på forholda. Med god støtte frå hjelpekorpset, fekk stiftinga berga ut folk som hadde lagt i veg, og politiet stengde stien slik at ikkje fleire skulle legge i veg. Dagleg leiar i stiftinga fortel: «Katastrofen vart unngått og det er ikkje tilfeldig; samspelet mellom stiftinga, Norsk Folkehjelp og Turistforeininga fungerte».

Etter denne hendinga har stiftinga hatt dagleg bemanning av parkeringsplassen ved Preikestolhytta for å informere og registrere behovet for tryggingstiltak. På dagar med dårleg vêr, set stiftinga også i gang patruljering av stien fram til Preikestolen. Det har avgrensa talet på redningsaksjonar, seier dagleg leiar i stiftinga.

På vinterstid, i perioden desember til mars, har Preikestolen hatt aukande besøk sidan 2012. Då kan tilhøva vere vanskelege, med is, snø og kulde. Stiftinga prøvde først å unngå at turistane kom i denne perioden, men fann etter kvart ut at det var betre å legge til rette for trygg ferdsel enn å prøve å stoppe turistane, som kom uansett. Difor starta stiftinga med vinterbemanning på parkeringa ved Preikestolhytta. Turistane får tilgang på informasjon, råd og utleige av utstyr (broddar, klede og skotøy), administrert av Stavanger Turistforeining. Turistane må betale for leige av utstyr, men ordninga er ikkje sjølvfinansierande. Responsen frå turistane har vore positiv. Tiltaket gjer altså at turistane får ei betre oppleving, samtidig som lokalsamfunnet blir mindre belasta med unødvendige redningsaksjonar.

Kjerag

Turen til Kjeragbolten, som ligg på 1000 moh. inst i Lysefjorden, startar vanlegvis frå parkeringsplassen på Øygardsstølen (350 meter lågare) i enden av fylkesveg 500. Turen tek 2-3 timar kvar veg og går for det meste på svaberg og i kupert terreng over tregrensa. Dette er ein krevjande tur for dei som ikkje er vande å gå i slikt terreng. I 2010 hadde attraksjonen 25.000 besøkande, mens talet no har kome opp i 70.000. Talet på redningsaksjonar har

halde seg stabilt dei siste åra, med rundt 10 aksjonar der den lokale redningstenesta, Øvre Sirdal Leitegruppe og Norsk Folkehjelp Strand og Forsand – har vore involvert. Ein årsak til at talet redningsaksjonar ikkje har gått opp med aukande besøkstal, meiner Lysefjorden Utvikling er informasjon og råd gitt av parkeringa på Øygardstølen. Vår informant, leiaren for parkeringsvaktene, kan karakteriserast som ei nokså unik eldsjel. Han har utvikla si eiga rolle som informasjonsaktør overfor turgåarar sidan 2014, med vekt på respekt og tilpassa informasjon og råd til turistane. Han har òg lært opp dei andre parkeringsvaktene på Øygardstølen. Parkeringsplassen er bemanna i sommarhalvåret, i tidsrommet 7 til 19, men stengjer når snøen legg seg på vegen til Lysebotn. Ordninga er finansiert av Lysefjorden utvikling.

Parkeringsvakta møter folk i bilane når dei kjem, serverer kaffi, informerer om vêr- og føreforhold og svarar på alt folk lurer på. Det turistane er minst budde på, er at vêret kan skifte raskt og at stien er glatt i fuktig vêr. Når vêret er dårleg, rår vaktene folk til å la vere å gå turen. «Slike dagar seier eg at det er stor sjanse for at du fell og bryt ein fot eller arm og at dårleg vêr gjer at redningshelikopter ikkje kjem fram», fortel leiaren for parkeringsvaktene. Etter å ha fått eit slikt råd, går dei fleste turistane opp den første bakken, før dei snur og kjem ned att. Når vêret er til hinder for turgåarane, tilrår han heller å besøke ein annan attraksjon i området eller å gå ein mindre krevjande tur: «… det er viktig å gi eit alternativ», understrekar han.

Parkeringsvakta fortel at han prøver å oppmuntre til dialog turistane imellom, til dømes ved å få dei som har fullført turen til å fortelje dei som er klare til å legge i veg korleis turen har vore. Han har lært seg å tilpasse formidlinga etter kultur og nasjonalitet: «Russarar og asiatar må du først vise respekt før du kjem med råd», seier han. Inspirasjonen til å utvikle denne særeigne rolla, i skjeringspunktet mellom parkeringsvakt, guide og oppsynsmann, henta parkeringsvakta frå ranger-ordninga i nordamerikanske nasjonalparkar og på andre destinasjonar.

Besseggen

Besseggen ligg mellom Gjende og Bessvatnet i Oppland og vart udødeleggjort i Henrik Ibsens skodespel "Peer Gynt" som kom i 1876. Stykket startar med at Peer Gynt skrønar til mor si at han rei over "Gjendineggen" på en reinsbukk. Skildringa Ibsen gjev av Gjendineggen, som i seinare tid har blitt døpt Besseggen, var nok meir egna til å skremme enn å lokke til seg turistar:,

> *"Den er halve milen lang,*
> *hvass bortefter, som en ljå.*
> *Utfor bree, skred og lider,*
> *rakt nedover urer grå,*
> *kan en se til begge sider*
> *lukt i vannene, som blunder*
> *svarte, tunge, mer enn tretten-*
> *hundre alen nedenunder."*

Like fullt vart turen over Besseggen raskt ein av klassikarane i Jotunheimen ved den gryande fotturismen på slutten av 1800-talet. I 2016 gjekk om lag 52.000 menneske turen, og det vart sett i gang 22 redningsaksjonar. Politiet, Akuttmedisinsk kommunikasjonssentral (AMK), Røde Kors og reiselivsnæringa frykta ei utvikling mot endå fleire redningsaksjonar dersom dei ikkje sette i verk førebyggande tiltak. Besseggen turisme, eit nettverk av 20 lokale reiselivsbedrifter, utvikla difor ein idé om patruljering på egga. Dei engasjerte det lokale guideselskapet, Gjendeguiden, til å utføre oppdraget. Dei fekk ikkje økonomisk støtte frå Nasjonale Turstier i 2017, men greidde likevel å finne midlar til ein redusert versjon av tenesta: patruljering 1-2 dagar i veka.

Gjendeguiden planla patruljeringa i 2017 ut frå vêrmeldinga, slik at dei 1-2 dagane det var meldt dårlegast vêr den aktuelle veka, gjekk dei turen på ettermiddagen og kvelden. Vanlegvis møter føraren turistar som har vanskar ved starten av egga frå vestsida. Den ansvarlege for tenesta i guideselskapet fortel: «Når det er dårleg vêr, får folk skylappar og vert inneslutta. Då tek dei ikkje vare på kvarandre. Ofte er det så enkelt at dei er nedkjølte. Vi gir dei litt mat og drikke og motivasjon, så går det bra.» Føraren følgjer dei turistane som treng det over egga slik at dei får gjennomført turen: «… det gir dei ei kjensle av meistring», seier føraren. Han ser ikkje eit behov for å oppmode

turistane med problem til å snu, ettersom det er like langt tilbake og fordi siste båt frå Memurubu som regel er gått for kvelden.

Patruljering har også andre føremål, som å plukke søppel og brenne toalettpapir. Tanken med dette er at utan synleg søppel i terrenget er terskelen for å kaste frå seg nytt søppel høgare. Den innsamla søpla blir tatt vare på for å stillast ut ved starten av turen som ein oppmoding til å ta med sitt eige bos heim att. I tillegg ser patruljen til at merkinga av stien er intakt, og dei riv ned vardar turgåarar har bygd, slik at berre DNT-merkinga står att. Sist, men ikkje minst, er patruljen der for å svare på spørsmål frå turistar. Dette set turistane stor pris på.

Gjendeguiden oppfattar det store fleirtalet av dei rundt 50.000 turistane som går Besseggen som godt utstyrte og i stand til å gjennomføre turen utan store problem. Eit lite mindretal (om lag 5 prosent) treng assistanse fordi dei ofte har dårleg utstyr og er lite budde på turen. Det dei er minst budde på, er kor krevjande turen er – med 1000 meter stigning i starten og like langt ned på slutten. Vår informant viser til at dette tiltaket frå Besseggen turisme har spart samfunnet for kostnader ved at dei lokale hjelpekorpsa, Luftambulansen og Hovedredningssentralen for Sør-Norge har unngått ein del aksjonar. I ei eigenevaluering kom Besseggen-patruljen fram til at dei hadde hindra 6-7 unødvendige aksjonar på Besseggen i 2017 med den avgrensa tenesta dei har utført 1-2 dagar i veka.

Gaustatoppen

Frå parkeringa ved Stavsro på fylkesveg 651, der dei fleste startar turen til Gaustatoppen, er det drygt 4 km og 800 høgdemeter til Gaustatoppen. Den 2-2,5 timar lange turen går for det meste gjennom steinurer til toppen på 1883 moh. Derifrå har du på klare dagar fritt utsyn i alle retningar, og det vert hevda at du kan sjå ein sjettedel av Sør-Norge.

Gaustatoppen har ein infrastruktur som ingen andre fjelltoppar i Norge har; Gaustabanen, ein skinnegåande elektrisk bane, går i tunnel inni fjellet heilt til toppen. Bana stod ferdig i 1959 og var opphavleg ein del av eit forsvarsanlegg, men dette er avvikla. I 2010 opna bana for kommersiell turisttrafikk. På toppen ligg det dessutan ei DNT-hytte, Gaustatoppen Turisthytte, slik at turistane har fleire moglegheiter viss fjellturen blir for tøff.

Eit utviklingsprosjekt med namnet *Innfallsport Gaustatoppen* er starta opp for å legge betre til rette for turisme. Prosjektet tek sikte på å utvikle infrastrukturen i området for å styrke tryggleiken, gi turistane ei betre oppleving og skape næringsutvikling. Bak prosjektet står kommunane Hjartdal og Tinn, Telemark fylkeskommune og Telemark utviklingsfond. Til no har prosjektet prioritert utbetring av parkeringskapasiteten, sanitæranlegg, rasteplassar og etablering av skyttelbuss. Som ein del av dette, byrja parkeringsvaktene på Stavsro i 2016 å gi informasjon og råd til turistane. Leiaren for parkeringsvaktene fortel: «Folk som har vore tynnkledde har vi tatt tak i for å dei til å ta meir på seg». Dei fleste turistane er takknemlege for råda og vel å følgje dei. Når det er vind, regn og skodde, rår parkeringsvakta folk til å la vere å gå turen, men dei veit godt at dei ikkje har mynde til å nekte nokon å gå. Verre er det når turgåarar tek med seg spedbarn: «…dei får klar melding om at det ikkje er lurt», seier informanten.

Det turistane i området er minst budde på, er at vêret kan vere ganske annleis på toppen enn ved parkeringa, og at det til dømes kan ligge snø på bakken i juli. Generelt er besøkande godt utstyrte, også dei som kjem frå utlandet. Ordninga med aktive parkeringsvakter har gitt turistane ei betre oppleving ved at dei er meir budde på utfordringane dei kan oppleve, meiner informanten.

Informasjon, råd og støtte til turistane

I tabellen under viser vi eit oversyn over dei nye tryggingstiltaka destinasjonane har sett i verk, eit estimat av kor mange turistar som besøkte fjelldestinasjonen i 2016 og 2017, og talet på redningsaksjonar utført av det lokale hjelpekorpset dei to siste åra. Talet på turistar hentar vi frå nøkkelinformantane i destinasjonsselskapa, som har gjort eit kvalifisert estimat ut frå ulike kjelder, som parkeringsbetaling, båtbillettar (Besseggen) og elektronisk teljing i avgrensa tidsrom. Talet på redningsaksjonar har vi henta frå lokale redningsgrupper. Dette er ikkje det samla talet på redningsaksjonar, men eit førebels tal. I Vestlandsforsking sitt vidare arbeid vil vi hente inn ytterlegare statistikk både frå akuttmedisinske kommunikasjonssentralar (AMK) og Hovedredningssentralen for Sør-Norge (HRS S-N). Deira statistikk kan både overlappe og falle utanfor statistikken vi har fått frå lokale redningsaktørar. Det finst i dag

ikkje ein samla statistikk for redning i fjellet fordi helsevesenet (helseforetaka) og dei to hovedredningssentralene (Sør-Norge og Nord-Norge) har separate statistikkar. Når aksjonen skjer til kjent lokalitet, kjent tilstand til pasient og redningsforholda er uproblematiske blir oppdraget som oftast definert som et helseoppdrag i tråd med helsevesenet sitt ansvar gitt i lov. Då kjem aksjonen inn i helsevesenet sin statistikk. I andre tilfelle kjem aksjonen inn i søk og redningstenesta (hovedredningssentralene) sin statistikk. Talet på redningsaksjonar i tabellen under er difor ikkje fullstendige, men basert på aksjonar der lokal redningsgruppe har vor involvert. Vi har berre teke med aksjonar som har dreidd seg om fotturistar (ikkje t.d. fjellklatrarar og paraglidarar).

Tabell 1: Nyskapande førebygging, tal på turistar og tal redningsaksjonar lokalt redningsmannskap.

Fjelldestinasjon	**Siste nye tryggleikstiltak** (med etableringsår)	**Tal turistar (i tusen)**		**Tal redningsaksjonar** (lokale redningsmannskap involvert)	
		2016	**2017**	**2016**	**2017**
Trolltunga	Sommar: Døgnkontinuerleg vakt halvveg på stien med info, råd og støtte, 2017	70	85	42	23
Preikestolen	Heile året: bemanning på parkering med info og råd + patruljering på stien i uver, 2016. Vinter: Utleige av kle og utstyr, 2016	285	285	13	17
Kjerag	Sommar: Parkeringsvakt med info og råd, 2014	70	70	7	3
Besseggen	Sommar: Følgjer turistane med vanskar over egga, 1-2 dagar i veka, 2017	52	54	22	m.d.
Gaustatoppen	Sommar: Parkeringsvakt med info og råd, 2016	63[1] (95)	56[1] (95)	6	5

[1] Totalt besøkstal trekt frå dei som tok bana ned. I parentes totalt besøkstal inkludert dei som tok bana ein eller begge vegar. m.d.= manglar data

Har tiltaka effekt?

Dei tradisjonelle tiltaka, som betre merking, oppsetjing av informasjonsskilt og utbetring av stien med steinsetting og klopper har bidrege til at færre går seg vill. At slike tiltak har gitt færre redningsaksjonar pga. at folk går seg bort, blir stadfesta av alle dei lokale redningsaktørane vi har vore i kontakt med. Med betre stiar, får ein òg ned talet på brotskadar.

Intervjua vi har gjort, fortel oss at turistane er noko meir førebudde no enn for nokre år sidan. Vi har ikkje data som kan stadfeste dette og veit ikkje kva som kan forklare betringa. Kanskje heng det saman med at turistane deler erfaringane sine på sosiale medium og slik spreier kunnskap om kva fjellvandring i Norge faktisk krev av deg. Førebelse resultat, basert på analyse av korleis reisemålselskapa presenterer fjelldestinasjonane på Internett tydar på mangelfull informasjon og varierande kvalitet. Det er enno tidleg å seie noko om kor vidt Visit Norway sine nye videoar om tryggleik på tur har bidrege til å gjere turistar meir førebudde på det som ventar dei i den norske fjellheimen[6].

Datamaterialet vi har samla, tyder også på at det er visse fellestrekk mellom turistane når det gjeld kva forhold dei ikkje er budde på, som skiftande vêr- og føreforhold, ulike naturtypar, ikkje-tilrettelagt sti og vanskeleg underlag (t.d. snø, myr, gjørme eller glatt berg). Mange er òg overraska over kor lange og krevjande turane er.

[6] «Sikkerhet først» er ein serie videoar om tryggleik på fjellturar. Visit Norway har laga separate videoar for Trolltunga, Preikestolen, Kjerag, Besseggen og Romsdalseggen. https://www.visitnorway.no/planlegg-reisen/sikkerhetstips/sikkerhet-i-fjellet/sikkerhet-pa-fottur-om-sommeren/

Utilsikta effektar av tryggleikstiltak

Eitt av tiltaka Odda kommune har sett i verk på stien til Trolltunga, er dei nemnde nødbuene som har til føremål å redde liv. I buene kan turgåarar kome seg til hektene, vente på betre vêr eller vente på redningsmannskap. Guidane i Trolltunga Active har registrert at buene ikkje alltid vert nytta etter føremålet. Somme turistar kalkulerer med at dei kan overnatte i buene og for å samle krefter til å fordele den lange og krevjande turen på to dagar. Dette er ein utilsikta effekt som kan gjere at dårleg utrusta og uerfarne turistar som ikkje burde ha lagt i veg på turen, gjer det likevel. Dei har registrert at buene finst, til dømes på bloggar og private nettsider skrivne av andre turistar, og nyttar høvet til å bruke buene som ein ubemanna turisthytte. Dette er den same effekten som oppstår når turistar ved planlegging av turen kalkulerer med at dei alltids kan ringe 113 dersom dei treng å bli henta ned frå fjellet. Åtferda til enkelte turistar tyder på at slike haldningar finst. Dette stadfestar både redningsaktørar og guideselskap i området.

Utfordringa, både for utviklingsaktørane på fjelldestinasjonane og redningsapparatet, er altså å unngå å setje i verk tiltak som stimulerer til at turistar vel *tur over evne*, for å låne eit omgrep frå friluftsmannen Nils Faarlund[7]. Mange av redningsaksjonane er sett i verk fordi turistane har valt tur over evne. Derimot kan alle verte utsett for hendige uhell, då bør og skal redningstenesta gi assistanse. Trass i godt fottøy, turerfaring og god fysisk evne, kan alle skli og skade seg slik at dei treng hjelp. Dersom den frie ferdsla i fjellet ikkje kan bygge på prinsippet om den informerte og førebudde turgåar, vil forholdet mellom turgåaren sitt ansvar og storsamfunnet si plikt til å hjelpe komme i ubalanse. Difor har reiselivsnæringa ei stor vertskapsoppgåve i å rekruttere turistar som veit kva dei gir seg ut på, eller gi dei tilstrekkeleg informasjon til at dei kan ta gode avgjerder. Tek ikkje reiselivsnæringa denne oppgåva på alvor risikerer ein å gå i retning av at turgåarar må ha forsikring for å bevege seg inn i fjellheimen, i tilfelle dei får behov for redning.

Nyskaping i norsk samanheng

Vestlandsforsking sine data viser at lokale reiselivsbedrifter, redningsaktørar og guideselskap har gått saman om å utvikle og etablere nye tiltak for å styrke tryggleiken på dei mest besøkte fjelldestinasjonane i Sør-Norge. Vi ser tre modellar som har informasjon, råd og støtte til felles, men som skil seg frå kvarandre når det gjeld kor innsatsen skjer og kor omfattande innsatsen er:

- Parkeringsvakt ved starten av turen (Kjerag, Preikestolen, Gaustatoppen)
- Fjellvakt undervegs på stien (Trolltunga)
- Fjellpatruljering med hjelp til å forsere vanskelege parti (Besseggen)

Desse nye tiltaka har, så vidt vi kan sjå på det noverande punktet i forskinga vår, hatt redusert talet på redningsaksjonar samanlikna med kva som ville ha skjedd utan desse tiltaka.

Dei lokale utviklingsaktørane har tilpassa tiltaka til lokale behov og føresetnadar. Kva for løysing destinasjonane har valt og korleis dei er utforma, er altså basert på dei lokale økonomiske og praktiske føresetnadane og på typen kompetanse eller personell som finst på destinasjonen. Akkurat kor stor effekt tiltaka har hatt, kan vi seie meir om når vi har danna oss eit samla bilete av redningsaksjonar og årsaker, slik vi skal gjere i det nyss oppstarta forskingsprosjektet om fjelltryggleik. I prosjektet skal Vestlandsforsking samanstille og analysere statistikk frå både helseføretaka (AMK), Hovedredningssentralen og lokale redningsgrupper for å gi ei samla evaluering av førebyggande og tryggleiksfremjande ordningar. Dette gjer vi saman med lokale redningsfolk, destinasjonsselskap, kommunar og andre utviklingsaktørar, med mål om vidareutvikling av tiltak på reisemåla.

Dei lokale aktørane i prosjektet har så smått starta drøftinga av kor innsatsen bør setjast inn, på starten av turen eller undervegs. Det treng ikkje vere eit anten eller, men å få dei minst førebudde turistane til å la vere å legge ut på tur, kan i Trolltunga-tilfellet lette rolla til fjellvakta undervegs på stien. Innsats i starten kan også bidra til at turistane tek med seg meir og betre utstyr enn dei elles ville ha gjort, slik vår informant på Gaustatoppen viser til.

[7] Faarlund grunnla Norsk Høgfjellsskole i 1967 og blir rekna som ein viktig bidragsytar til tenking rundt friluftsliv og verdispørsmål. https://no.wikipedia.org/wiki/Nils_Faarlund

Personell undervegs på stien kan likevel vere naudsynt ved mykje besøk og når vêret er usikkert eller dårleg, fordi uføresette ting kan oppstå uansett kor godt førebudd turisten er.